

# ØNSKER DU Å FÅ HJELP TIL Å BLI KVITT STORT, GAMMELT SKROT? GRATIS!

**FRIST TIL Å MELDA DEG PÅ: 23. april 2018**

**Ring Sven Sandvik: 38379123, eller send e-post til [Sven.Sandvik@sirdal.kommune.no](mailto:Sven.Sandvik@sirdal.kommune.no)**

## Hald Sirdal rein!

Ei aksjonsgruppe legg til rette for ei miljøveke **30. mai – 2. juni 2018**. Målet er at alle me som bur eller ferierer i Sirdal, skal føla oss stolte over kor rein og fin kommunen vår er og sikra vasskvaliteten vår. Skal me lukkast, er me avhengige av støtte og engasjement.

Grunneigarane har eit stort ansvar for søppel på sine eigedommar, men det er lett å sjå at dei ikkje har eineansvar. Når dei stiller eigedommen til disposisjon for løyper og stiar, vil det vera urett om me forlangar at dei skal rydda søppel langs desse. Langsmed offentlege vegar er det utfordrande å finna ut kven som skal halda det søppelfritt.

Denne aksjonen vil vera særleg oppteken av gammalt skrot og gamle vrak, t. d. bilar, traktorar, jordbruksutstyr, campingvogner, komfyrar, vaskemaskinar, kjøleskap o.l. Me vil sterkt oppmoda eigarane til å få slike fjerna. Er det nokon som treng hjelp til det, vil miljøaksjonen vera med på å finna fram til gode løysingar. IRS vil stilla med stor bil i aksjonsveka og henta slikt skrot på avtalte oppsamlingsstadar.

**Det er med glede me tek imot melding om behov for hjelp som må vera meldt inn til aksjonsgruppa v/Sven Sandvik i Sirdal kommune med tlf. 38 37 91 23, innan 23. april.**

Initiativet til aksjonen var det to engasjerte søppelplukkarar som tok, Eva Tennfjord og Kate Tjomlid. Så har dei fått med seg Sirdal bygdekvinnelag (Solveig Marie Ådneram), Sirdal næringsforening (Steinar Skretting), Sirdal bondelag (Tor Arne Liland) og Sirdal historielag (Magnar Undheim). Sirdal kommune støttar aksjonen og Sven Sandvik er deira talsmann. Han er plan- og miljøkonsulent.


Aksjonen er mellom anna støtta av kyrkja i Sirdal, skulane, barnehagane og idrettslaga. Gjennom næringsforeninga har ulike firma sagt at dei vil vera med. Det er særleg viktig at bygg- og anleggsbransjen engasjerer seg, og at avfallshandteringa er god.

Me oppmodar alle til å ta eit ekstra initiativ i løpet av desse aksjonsdagane.

**Aksjonsdagar: 30. mai – 2. juni**



Miljøaksjonsgruppa



Eva og Kate



Plakatar blir til



Eva og guttane med plakatane